

Naturvernforbundet Hordaland

Styrets årsmelding for 2025



Innhold

Naturåret 2025	s. 2
Arbeidsprogram 2025 – Har vi nådd måla våre?	s. 3
Prosjektarbeid	s. 4
Viktige enkeltsaker	s. 6
Organisasjon	s. 7
I media 2025	s. 15
Resultatregnskap	s. 25
Balanse	s. 26
Noter til regnskapet	s. 27
Revisors beretning	s. 30

Naturåret 2025

I året 2025 har vi opplevd både siger og tap, utsettingar og omkampar i våre politiske saker:

I samband med valkampen til **Stortingsvalet** var vi uvanleg aktive, med heile 8 ulike valkamparrangement i regi av fylkeslaget og/eller i samarbeid med engasjerte lokallag. Frå å vere ein valkamp så å seie utan miljø på dagsorden, bidro vi til å få fokus på klima og miljø særleg i innspurten av valkampen.

Hordfast var ei av sakene som vart aktualisert igjen i samband med valkampen, der vi har brei støtte i befolkninga i Hordaland og Vestland.

Naturens stemme har vore ei stor satsing i 2025, som verkeleg skaut fart i haust etter ei gåve frå Agenda Vestland på 1.5 mill. kroner over tre år.

Statnett sitt forslag til **linjeval for ny kraft frå Samnanger til Kollsnes over Vaksdal, Osterøy, Alver og Askøy** skapte stor mobilisering, og særleg skal vårt lokallag i Nordhordland ha honnør for framifrå arbeid med saka.

Arbeidet mot ulovlege skogsbilvegar i Bergen må vel seiast å ha gått «eitt skritt fram og to tilbake» i 2025. Etter at Bergen kommune i 2024 vedtok full stopp i utbetaling og løyver medan ein rydda opp i gamle saker, vart dette vedtaket reversert våren 2025. Men vi held naturlegvis fram vår innsats i 2026.

Vindkraft-planane i **Modalsfjella** fekk sin endelege siger i 2025, etter folkeavrøysting der ca 2/3 av innbyggjarane i Modalen kommune røysta imot vindkraftutbygginga. Både fylkeslaget, lokallaget i Nordhordland og ei brei gruppering av andre organisasjonar la ned mykje innsats i dette arbeidet.

På Askøy sloss vårt lokallag framleis mot nedbygginga av **Eidsvika** i sørvest, der prosjektet «Kildn» har fått ny vind i segla med eit knapt fleirtal i formannskapet (H+FrP+#). Vi fortsett kampen for å bevare Eidsvika i 2026. NVH har løyvd pengar til ein rapport om Grønnvasking i særklasse frå pengeinteressene som presser på for å endre vedtekne kommunale planar.

Det ferdigregulerte alternativet for **Bybanen til Åsane** («dagløysinga») blei stoppa av bystyret. No har byrådet i Bergen starta arbeid med ny reguleringsplan i fjell. Vårt viktigaste krav til utgreiing er at dei to alternativa vert samanlikna sakleg på alle relevante tema som tilgjengelegheit, pris, naturøydelegging, klimautslepp osv.

Hardanger lokallag lukkast med å få politisk fleirtal for å stoppe planane om industrianlegg i **Tryglavik** nord for Jondal i 2025.

Kjernekraft har vært tema på en rekke møter med innleiarar og paneldeltaking frå NVH. Det er ulike syn på planane m.a. på Mongstad. I tråd med Naturvernforbundet sitt landsmøtevedtak ber vi om grundig utgreiing av risiko og planar for lagring av avfall.

Vi organiserte også miljøseksjonen i **1. mai-markeringa** i Bergen. Vår hovedparole var «Spar

pengar og natur – Nei til Hordfast».

Formidling har også vært ei prioritert oppgåve for NVH i 2025. To nummer av Natur Vest har tatt opp våre viktigaste saker. I tillegg har vi nytta sosiale medier og våre egne nettsider aktivt.

Arbeidsprogram 2025 – Har vi nådd måla våre?

Rapportering på oppfølging av arbeidsprogrammet

For at årsmøtet skal få ein god oversikt og kontroll med korleis styret har følgd opp arbeidsprogrammet, har arbeidsprogrammet blitt omformulert til konkrete og målbare handlingspunkt. Styret har deretter vurdert både innsats og måloppnåing på kvart einskild handlingspunkt, sett opp i følgjande matrise:

Hovudmål:

Få gjennomslag for dei prioriterte sakene våre
Nå vervemål på 5000 medlemmar i Hordaland
Styrke lokallaga og fylkeslaget

Resultat	Innsats

Hovudstrategiar:

Setje dagsorden i offentleg debatt/informasjonsarbeid.
Drive politisk påverknadsarbeid i enkeltsaker.
Støtte lokale aksjonar, initiativ og samarbeid i viktige saker.

BEVARING AV NATUR


Organisere og finansiere prosjektet Naturens stemme med støtte til lokallag
Få kommunar til å vedta arealnøytralitet, lage naturrekneskap, plan for barnetråkk og klimastrategiar
Ta vare på meir natur, og auke innsatsen for restaurering av øydelagd natur
Få skrinlagt store utbyggingsplanar som gir naturtap
Fortsetje kampen mot skogsbilveggar
Få innskjerpingar i oppdrettsnæringa (...)
Styrke vassdragsvernet, og få fleire vassdrag verna

KLIMA, INDUSTRI, KRAFT OG SAMFERDSEL

Støtte utbyggingsprosjekt som bidrar til redusert klimaavtrykk
Fortsetje arbeidet mot elektrifisering av sokkelen med kraft frå land
Vere pådrivar for grøn omstilling for industrien
Etterlyse planar og vere pådrivarar for kutt i store punktutslipp
Kjempe mot nye motorveggar
Få raskast muleg bygging av bybane til Åsane, og støtte andre kollektive transportløyisingar.

ORGANISASJONSUTVIKLING

Gi betre bistand til lokallaga
Få fleire frivillige i Naturvernforbundet
Vurdere til årsmøtet 2026 om Bergen bør ha eige aktivt lokallag.
Minst to medlemsmøte for Bergen i perioden
Formidle praktisk kunnskap og erfaring gjennom prosjekta



Prosjektarbeid

Prosjekta våre skal først og fremst inspirere og formidle gode tilnærmingar for miljøet og naturen på ulike område.

Vi hadde følgjande prosjekt med oss inn i 2025:

Naturglede er ein arrangementsserie som skal rekruttere fleire skånsomme naturbrukarar, særleg i underrepresenterte målgrupper. Dette er i stor grad innvandrarar og økonomisk vanskelegstilte familiar, dermed har prosjektet også ein flott sosial profil. Naturglede hadde eit tresifra tal deltakarar på ei rekkje arrangement gjennom året. Prosjektansvarleg: Mona Maria Løberg.

Ta vare på det du har arrangerte fleire sy og reparasjonskveldar saman med Bergen Husflidslag, sy og redesign for Miljøagentene, og fleire pop-up sy- og reparasjonsverkstader. Vi sel fortsatt reparasjonsgavekort, og nytt av året var samarbeid med Biblioteket der dei «låner ut» reparasjonsgavekort. Vi markerte Verdens reparasjonsdag saman med nokre av byens reparatørar, der publikum kunne sjekke reparerbarhet og avtale reparasjon. Vi har også arrangert fleire klesbytearrangement saman med Høgskulen i Bergen. Prosjektet har ei god frivillig-gruppe. Prosjektleder: Lena Teigland.

Plastjakten hadde seks ryddeaksjonar saman med m.a. NV Bjørnafjorden, NV Øygarden, Miljøagentene og Plastic Whale Heritage-nettverket. Der deltok 76 fantastiske frivillige, og det blei rydda 426,8 kg plastavfall. Vi har også vore medarrangør på to større aksjonsdagar; Sotra VGS sin Plastaksjon, og rydding av Lisle Lyngøyna med UiB. Her fekk vi saman heile 725 deltakarar ut i Vestlandsnaturen, og rydda minst 4130 kg plastavfall. Prosjektet driv også i år formidling gjennom plastnyheitsbrev, artiklar og foredrag med budskapet om redusert plastforbruk og forsøpling. Prosjektleder: Ingvild Sundal Joys.

Oppdrag Blomstereng har utvikla eit komplett undervisningsopplegg for skuleverket, og i 2025 har fleire titals skular gjennomgått undervisningsopplegget. Mange av desse har etablert blomstereng på sin skule. NVH har også jobba med å rulle ut prosjektet nasjonalt; og har fått finansiering til to nye fylker. Jeanette Tennebeek har vore prosjektleder for dette.



Bevaring gjennom skjøtsel restaurerer kystlynghei og fjernar framande artar. På Rapeneset er det i 2025 gjennomført ein massiv nedhogst av Sitka-gran vha. innleigd profesjonell leverandør. I tillegg er det gjennomført dugnadar, slåttekurs, førstehjelpskurs, motorsagkurs, samt at det er rekruttert inn fleire dugnadsleiarar.

Prosjektleiar: Jeanette Tennebekk; i overlapp med Ingvild Sundal Joys som tar over i Jeanette sitt fråver.

Blomster og bier i byen betrar tilhøva for pollinerande insekt. Dei har fått ei nær sjølvgåande frivilliggruppe, som driftar vår naturvenlege parsellhage og har stått for ulike aktivitetar som humlekassekurs o.a. Prosjektleiar: Jeanette Tennebekk.

CircleUp er eit forskningsprosjekt i regi av Horizon Europe der målet er å engasjere 100 husholdningar til å ta meir sirkulære og berekraftige val for å redusere sine avfallsmengder. NVH er ein av ti partnarar, og saman med NTNU representerer vi Norge. Dei resterande partnarane er fra Lativa, England, Tyskland og Portugal.



Vår rolle har i hovudsak vore å rekruttere 25 hushaldningar i Norge, samt følgje opp og gi råd til desse gjennom prosessen. Status ved utgangen av 2025 er at vi har rekruttert ca 50 hushaldningar, som sett oss i ein svært god posisjon til å oppfylle, og jamvel overoppfylle våre forpliktingar. Prosjektleiar: Lena Teigland.

Sirkulære verdikjeder:

Auka sirkularitet er eit sentralt politisk mål både lokalt, nasjonalt og globalt, så kvifor blir det ikkje etablert fleire sirkulære verdikjeder? NVH etablerte i 2024 eit samarbeid med Haukeland sjukehus for å resirkulere plasten deira i lokale bedrifter, som så vert selt tilbake til Haukeland som nye produkt. Prosjektet lukkast med å få resirkulering av plasten inn som kontraktsvilkår ved inngåing av ny kontrakt med avfallsselskapa, men diverre lukkast ein ikkje med å få etablert ei lokal verdikjede. I 2025 har vi arbeidd med å formidle erfaringane frå prosjektet til andre store plastkonsumentar, i håp om at prosjektet kan stimulere liknande satsing. Prosjektleiar: Ingvild Sundal Joys.

Naturens Stemme:

Kven passar på at kommunane følgjer opp FNs Naturavtale i tråd med det den norske stat har forplikta seg til? Ei rekkje NRK-artiklar har sett lys på at det ikkje er god nok arbeidsdeling mellom staten og kommunane, og for dårleg kunnskap i kommunane om Naturavtalen og kva verktøy ein har til å oppfylle den. Vi ønskjer difor å utvikle ein «verktøykasse» med tiltak, og styrkje naturens representasjon ovanfor nedbyggingstruslane, særleg gjennom å styrkje lokallagsarbeidet – sidan nedbygginga i hovudsak skjer i lokalpolitikken. Treårig prosjektfinansiering 2025-2027. Prosjektleiing: Fylkessekretær Pål Fidjestøl, i samarbeid med Styret.

Eitt prosjekt vart starta opp i 2025:

Fjerne kjempespringfrø langs Mjåtveitelva:

I 2025 starta vi opp framandartsdugnad langs Mjåtveielva i Alver, med støtte frå Statsforvalteren i Vestland. Målet er å utrydde framandarten kjempespringfrø langs elva. Det

blei arrangert 3 dugnader i øvre del av elva, der det blei luka totalt 20 sekkar med kjempespringfrø. 6 frivillige deltok. Prosjektleder: Ingvild Sundal Joys.

To prosjekt vart avslutta i 2025:

Ut mot Miljøkriminalitet:

Miljøkrim er diverre eit veksande område, og vart eit eige prosjekt frå hausten 2024 for å styrkje vår innsats på feltet. Finansieringa har diverre stoppa opp i 2025, og denne aktiviteten inngår frå 2026 i våre ordinære driftsoppgåver. Prosjektleder har vore Pål Fidjestøl.

Skogens Uro

Prosjektet hadde som formål å bidra til meir kunnskap om skog på Vestlandet, både for skogeigarar, kommunar og den øvrige befolkninga. Vi har belyst kva behov som finst blant ulike interessentar. Vi har lagt til rette for naturglede i skog, økt artsregistrering gjennom kartlegging og utvikling av Artsklubben, og auka skogkompetansen blant grunneigarane. Prosjektet vart avslutta i haust i tråd med planen, men Artsklubben vil bli vidareført som sjølvstendig aktivitet. Jeanette Tennebeek har vore prosjektleder.

Viktige enkeltsaker

Fleire miljøraker er lista i innleiinga. Her er litt meir om nokon av dei mest sentrale sakene:

Hordfast vart altså aktualisert igjen i samband med valkampen, til tross for at saka er ute av Nasjonal Transportplan (NTP). Vi rakk akkurat å presentere Hordfast-rapporten som vi og Miljøvernforbundet bestilte frå Vista Analyse før valdagen. Den synte dramatiske naturinngrep og klimautslepp, enorme kostnader og urealistiske anslag over bompenginntekter. I samband med kampen mot motorvegplanane på E39 har NVH teke initiativ til eit nedskalert politisk-fagleg alternativ for farbar veg langs kysten og på fylkesvegnettet: Stavanger2Trondheim – Gul stripe.

Naturens stemme har vore ei stor satsing i 2025. Vi har utvikla to prosjekt: Naturens stemme fekk stønad frå Agenda Vestland på 1.5 mill. kroner over tre år. Naturens unge stemme er også under planlegging. Fleire lokallag har sendt høyringar til rullering av kommuneplanar. # lokallag har fått økonomisk stønad til prosjekt. # kurs er gjennomført og # kurs er under planlegging. (Sjå også kapittelet «Prosjektarbeid» nedanfor.)

Vi er også partner i ein søknad om nytt senter for studiar av arealkonfliktar og naturtap - CeSAM (Centre for Sustainable Nature and Area Management). Forskingssenteret er leia frå UiB og NHH. NVH si rolle vil evt. vere å bidra med kunnskap frå Naturens stemme.

Statnett sitt forslag til **linjeval for ny kraft frå Samnanger til Kollsnes** over Vaksdal, Osterøy, Alver og Askøy skapte stor mobilisering ved inngangen til 2025. Etter fantastisk innsats i vårt lokallag i Nordhordland, som m.a. inkluderte fakkeltog med fleire tusen deltakarar og over 70 vetebål i tett snødrev i januar, fekk vi gjennomslag for at vårt alternative forslag til trasé også skal

utgreiast. Denne traséen følgjer eksisterande kraftlinjer, og sparer 1,8 millionar m2 natur i høve Statnett sitt foretrekte alternativ.

Men NVH sitt primære standpunkt er naturlegvis at ein tredje kraftlinjetrasé er unødvendig; vårt forslag til trasé er vårt *subsidiære* forslag. Så parallellt med at den kraftlinjetraséen som er mest skånsam mot naturen vert utgreidd, fortsett kampen mot at traséen blir realisert i det heile.

Skogsbilveg-sakene i Bergen: Den største sigeren i 2025 var at Statsadvokaten etter seks og eit halvt år(!) konkluderte med å gi bøter i to saker. Entreprenørselskapet Åsane Sand og Singel fekk halvannan million i forelegg/inndraging, samt at dagleg leiar fekk 30.000 kroner i bot. I tillegg fekk den ansvarlege i planleggingsselskapet FanAgro ei bot på 10.000 kroner. Men trass eit strafferettsleg gjennombrot seier vi oss ikkje heilt nøgde. Det vart inga tiltale etter forureiningslova, og konsekvensane for aktørane er små, etter tilhøva.

Elles har vi jobba godt lokalpolitisk, med jamnlege møter med ei tverrpolitisk gruppe bystyremedlemmer, innlegg i Kontrollutvalet, i Utval for miljø og byutvikling (UMBY) og i Utval for finans, kultur og næring (UFKN). I tillegg har vi møtt partia som har ønskt det. I mai mista byråden for næring, kultur og idrett ansvaret for landbruksvegar. Det vart også gjort bystyrevedtak som skulle sikre betre kontroll, men som sidan vart reversert. Denne saka vart sendt til Kommuneadvokaten, grunna usemje m.a. om kommunen hadde lov til å halde tilbake tilskot.

I siste del av 2025 har vi arbeidd for å rette opp i mangelfull sakshandsaming og få klarlagt lovforståing både hjå kommunen og Statsforvaltaren i Vestland. Arbeidet mot ulovlege skogsbilvegar vil fortsette i 2026.

Fleire av desse sakene er også grundig presentert i vårt medlemsmagasin NaturVest og/eller på våre nettsider.

Organisasjon

Ved hjelp av prosjektløyvingar har vi i 2025 vidareført og styrka vårt arbeid med plastjakt, sirkulære prosjekt, forbruksreduksjon, naturrestaurering, kamp mot miljøkriminalitet, deltaking i forskingsprosjekt osv. Organisasjonen tok også eit større krafttak i samband med Stortingsvalet enn normalt.

Styret, administrasjonen og medlemmene sitt arbeid med fagleg-politiske saker har blitt oppretthalde på normalt høgt nivå. Grundige drøftingar på årsmøtet i mars ga god forankring og semje om vår arbeidsplan. Denne er vårt «vegkart» for kva saker organisasjonen skal legg vekt på i løpet av året.

I 2025 har det også blitt lagt ned betydeleg arbeid i prosjektet «Naturens Stemme», nemnt både i innleiinga og i kapittelet «viktige enkeltsaker» ovanfor. Dette prosjektet gjer oss i stand til å styrke kompetansen i organisasjonen både lokalt og regionalt, og ein del av prosjektmidlane har også blitt fordelt på lokallaga til tiltak i deira regi. Fleire tiltak vil bli rulla ut i løpet av 2026.

Arbeidsform

Som arbeidsform har NVH brukt «innestemme» og dialogform når vi får presentere vårt syn. T.d. i høyringsuttaler, møter, debattar, konferansar og seminar der vi vert invitert inn. Vi har også hatt dialog med fylkes- og nasjonal leiing for alle politiske parti som imøteser dialog med oss. Denne innsatsen har blitt styrka i 2025, då vi har erfart at tidleg involvering aukar sannsynet for gjennomslag. Men vi har også tatt i bruk «utestemme» på demonstrasjonar og andre markeringar når dette er hensiktsmessig; eller når dialog ikkje fører fram.

Organisasjonsutvikling og faggrupper

Styret og administrasjonen har fortsett å utvikle organisasjonen også i år, både når det gjeld medlemmer, lokallag, tillitsvalde og administrasjon. Etter ein historisk sterk medlemsvekst i 2024, samt oppretting av fleire nye lokallag dei siste par åra, har fokuset i 2025 vore å behalde våre nye medlemmer gjennom å gi dei fleire høve til å delta og påverke, samt å yte stadig betre tenester til lokallaga våre.

NVH sine faggrupper Klima- og transportgruppa og Naturmangfoldsgruppen har i 2025 blitt enda viktigare faglege råd for organisasjonen. Diverre har aktiviteten i vår tredje faggruppe Havbruksgruppa stoppa opp i 2025; dette er noko vi ønskjer å revitalisere i 2026.

Naturmangfoldsgruppa har også bidrege til utvikling av Artsklubben. Dette er ein aktivitet som skal auke kompetansen på kartlegging av artar for våre medlemmer og andre interesserte. Det er også etablert samarbeid med ei rekkje andre organisasjonar. Artsklubben har opplevd ei flott rekruttering i løpet av 2025, og vil sjølve få høve til å utvikle form og retning vidare.

Politisk påverknadsarbeid

Vårt politiske påverkingsarbeid har også vore viktig i fleire viktige saker, som Hordfast, bybane til Åsane, skogsbilvegsakene, oppfølging av FNs Naturavtale/Montrealavtalen, Kokstaddalen, Krafttrasé-saka, vindkraftsaka i Modalen, vassdragsvern osv. Vi har også arrangert fleire ekskursjonar og befaringar, m.a. i den tenkte Hordfast-traséen, til skogsbilveganlegg o.a. Dialog med politiske parti på lokalt, regionalt og somme tider nasjonalt nivå har også gitt oss høve til å påverke konkret politikk, som bybudsjettet for Bergen, og få stilt spørsmål til statsrådar i Stortinget i relevante saker.

Formidling

Gjennomslag i media er også ein viktig strategi for å vinne fram i våre saker og skape engasjement blant publikum. Difor har vi vore aktive gjennom lesarinnlegg, tipse/fronte/bistå redaksjonelle artiklar og saker i radio, TV, SOME, podcast, egne nettsider, filmsnuttar osv. Vi har også bidrege til at politiske parti kan fremme ulike initiativ for miljø og klima i valkamp, på Stortinget, i interne partidrøftingar og andre arenaer der det er hensiktsmessig.

Ut over dette har vi stått for eit godt knippe med arrangement, både opne og retta mot egne medlemmer. (Naturlig Onsdag-arrangement, debattar, temakvelder, sosiale samkomer og arenaer for meningsutveksling, i tillegg til formidlingsarbeidet i prosjekta.)

Oppslag og lesarbrev i media har sett fokus på motorvegplanar, cruise, tog, ulovlege

skogsbilvegar, nedbygging av natur, plast, ny krafttrasé Samnanger-Kollsnes, miljøkriminalitet, slett kommunal handheving av lovverk som skal beskytte natur m.m. Vi har demonstrert mot vindkraft i Modalen, mot Hordfast og for raskare realisering av bybane, møtt ei rekkje politikarar, halde innlegg og føredrag, arrangert debattar og andre arrangement for meningsutveksling, gitt innspel til fleire parti sine partiprogram, arrangert synfaringar, turar, Naturvern-samling i Hardanger, gjenbruksveke og dugnadar mot skadelege framande artar, plukka plast, laga blomsterenger med skular og arrangert fiksefestar. Vi har bistått Miljøagentene med arrangement, samt med å utvikle organisasjonen i Hordaland, jobba for etablering av sirkulære verdikjeder, mot miljøkriminalitet og fått med enda fleire frivillige. Oversyn over presseoppslag i vedlegg.

Administrasjon, medlemstal og lokallag

På kontoret har administrasjonen bestått av ca fem årsverk.

Vi hadde 4477 medlemmar per 31.12.2025, etter ein formidabel medlemsvekst i 2024. Ved årsskiftet 2024/25 hadde vi såleis 4407 medlemmer, og har altså klart å behalde dei aller fleste av desse, og jamvel fortsatt medlemsveksten noko. Ved årsskiftet i 2023/24 var medlemstalet til samanlikning 3823.

NVH utgjer rett over 10% av medlemsmassen til Norges Naturvernforbund også i 2025, og vi har ni lokallag som til saman representerer 16 av dei 25 kommunane i Hordaland.

Som nemnt i innleiingskapittelet hadde vi 4477 medlemmer per 31.12.2025. På same tid i 2024 hadde vi 4407 medlemmer. Vi har dermed klart å behalde medlemmene frå den flotte auken i 2024, truleg etter NRK sin artikkelserie «Norge i rødt hvitt og grått» og TV-serien «Oppsynsmannen». Men vårt ambisiøse mål om 5000 medlemmer i løpet av 2025 vart diverre ikkje nådd.

Lokallag

Lokallaga er ein sentral del av Naturvernforbundet, og dei gjer svært mykje solid grunnarbeid og opparbeidar stor kompetanse på problemstillingane dei tar føre seg.

17 av dei 25 kommunane i Hordaland har hatt aktive lokallag i 2025. I løpet av året blei det som ei forsøksordning etablert eit felles lokallag for Etne og Vindafjord kommunar, som altså spenner over fylkesgrensa til Rogaland. Det nye lokallaget sorterer administrativt til Naturvernforbundet Rogaland, dvs. at vi har «gitt frå oss» dei 24 medlemmene frå Etne. Det nye lokallaget har sidan oppstarten rekruttert 15 nye medlemmer, 4 av desse med adresse i Etne. Dei har elles arrangert eit større temamøte i Etne med tittel «Legg merke til naturen», og har engasjert seg i kommuneplanarbeidet. Så langt framstår det altså som at medlemmene i Etne har fått eit betre tilbod, men vi vil evaluere ordninga lenger fram i tid.

Elles har det også i 2025 vore arbeidd med å etablere lokallag i fleire kommunar, og det har også vore drøfta å innlemme kommunar i eksisterande lokallag. Dette arbeidet har ikkje gitt konkrete resultat i 2025, men pågår fortsatt.

Lokallaga har følgjande medlemsfordeling (tal pr jan 2025):

Bergen:	2673 medlemmer	Leiar: Hallvard Birkeland
Voss:	346 medlemmer	Kontaktperson: Inge Draugsvoll
Hardanger:	272 medlemmer	Leiar: Klaus Rasmussen

Nordhordland:	246 medlemmer	Leiar: Jan Nordø
Askøy:	194 medlemmer	Leiar: Jan Nordstrøm
Bjørnafjorden:	153 medlemmer	Leiar: Silke Becker
Øygarden:	150 medlemmer	Leiar: Sunniva Vatlø
Stord:	148 medlemmer	Leiar: Hallgeir Matre
Kvinnherad:	124 medlemmer	Leiar: Mari Teigen Varanes
(Øvrige medlemmer er i kommunar utan lokallag; evt. registrert som medlem i Hordaland)		

Fioråret oppsummert frå lokallaga:

Naturvernforbundet i Bergen har tradisjonelt vore godt samansveisa med fylkeslaget, noko som har vore ein arbeidsform i mange år når fylkeslaget har adresse og mange aktivistar og styremedlemmar frå Bergen,. NVH har i alle år prioritert aktivitet i Bergen, fylket sin største by. Det har vore arrangert ei rekkje møter og befaringar med Bergenspolitikarar om ulovleg skogsbilvegbygging, samt at vi har delteke i bystyre- og utvalsmøter om desse sakene, bybudsjetten for 2026, Bybanen, Gå- og sykkelbyen Bergen o.a. Det vart også arrangert fleire debattar i Bergen i samband med Stortingsvalet, samt det store valarrangementet «Stå Opp» 30. august med deltakarar frå ca 20 miljø- og friluftslivsorganisasjonar på Vågsalmenningen med om lag 1000 personar i alle aldrar innom i løpet av dei fire timane arrangementet varte.

Vidare har dei fleste prosjekta våre klart høgast aktivitet i Bergen, og nær sagt alle NVH sine sosiale arrangement går av stabelen i Bergen. NVH formulerte også vårt omfattande høyringssvar til Bergen kommune sitt planprogram for ny KPA (Kommuneplanens Arealdel) og til KPS (Kommuneplanens samfunnsdel). NVH har også støtta BKA sitt forslag om å auke bompengesatsane også for elbilar, for å styrke finansieringen av bybanen til Åsane. For å nemne noko.

NVH har protestert mot nedlegginga av Trolleybussen i Bergen og peika på at saksutgreiinga i Fylkeskommunen har vært særskild dårleg. Vi har også argumentert for å behalde bysykkelordninga som helse- og miljøprosjekt.

I tillegg har NVH sett ned eit utval som har jobba med lokallagsspørsmålet gjennom året. Både dette utvalet og lokallaget har vore leia av Hallvard Birkeland.

Naturvernforbundet i Nordhordland har oppnådd ei rekkje imponerende og inspirerende sigar i 2025. Til dømes har dei leia kampen mot den tredje forsyningslinja frå Samnanger til Kollsnes, som Statnett har foreslått å legge i ein lang, ny trasé via fem kommunar. NVE har no kravd utgreiing av NV Nordhordland sitt alternativ til trasé, som også har fått støtte frå Hordalandsbenken på Stortinget, dei berørte kommunane og fylkeskommunen. Vidare har NV Nordhordland leia kampen mot eit nytt oppdrettsanlegg på heile 3900 tonn laks ved Senoksen i Austrheim, som no er stoppa av Mattilsynet. Ulovlege landbruksvegar er også stansa i Heiane i Austrheim og på Hitland i Alver. Eit planlagd vegprosjekt i Øksnesmarka er førebels stansa, m.a. på grunn av kritisk trua naturtypar (kystlynghei), myr, sterkt trua sommarfugl og hubro.

NV Nordhordland har dessutan kjempa for planvask, og store nærings- og bustadområde i Alver kommune er no foreslått ført tilbake til LNF-område.

Og sist men ikkje minst har NV Nordhordland vore ein av dei sentrale organisasjonane i samarbeidet som bidrog til at Modalen kommune i fjor sa nei til vindturbinar i Stølsheimen. NV Nordhordland vart også i 2025 leia av Jan Nordø.

Naturvernforbundet i Bjørnafjorden har i løpet av 2025 hatt fokus på kartlegging, synfaring og levering av innspel til kommunen sine utbyggingsplanar, samt arbeidet med Kommunedelplan for Naturmangfold og Planprogram for KPA 2027 – 2038. Dei har også varsla om forureining i sjø (Lepsøy, Sævareid) og protestert mot hogst av 30 år gamle bjørketre ved Kuventræ barneskole. Dei har også delteke i folkemøte i samband med KPA. Silke Becker har vore leiar for NV Bjørnafjorden i 2025.

Gjennom samarbeidet «Eit villare Voss» med skulane og Voss herad har **Voss Naturvernlag** drive undervisning, artskartlegging og naturrestaurering, med dugnadar mot hagelupin og etablering av 60 m² blomeeng ved Kulturhuset. Det vart lagt ned over 500 dugnadstimar i laget i 2025. Voss naturvernlag deltok òg i prosjektet Redningsaksjon stadeigen natur, med støtte frå Naturvernforbundet sentralt. Laget har òg påtalt lettvtint handsaming av skogsbil- og stølsveg-saker. Døme er hytteveg til Stuaset–Holo II og stølsveg til Grungane.

Store natur- og friluftsverdiar vart sett i spel i det tidlegare militærområdet Bømoen gjennom eit avtaleutkast som opna for å gjera 110 dekar skog om til næringsareal og masseuttak. Laget vurderer dette som ei førehandsbinding av planprosessen, og har tala naturen si sak gjennom lesarbrev og kampanjesida vossaskogen.no.

Voss naturvernlag har òg mobilisert og arbeida internasjonalt for framleis vern av verna vassdrag og var med på å arrangere vassdragshelg i september i lag med DNT.

For **Naturvernforbundet på Stord** har den utbyggingstrua Digernesskogen, med kystregnskog, vore ei hovudsak, med fleire innlegg i lokalavisa, naturfaglege registreringar, høyringsuttale, vandring med orientering om planane og fuglesongtur i det aktuelle området.

På Hovaneset, ein av dei rikaste lokalitetane for beitemarkssopp i Norden, har Statsforvaltaren ein verneprosess på gang. Vårt bidrag har vore fleire dugnader med å fjerne store mengder med myrtistel på sauebeitet der ute. Her blir det framhald!

Elles har vi m.a. engasjert oss mot nedbygging av Hystadbakkane (med verdifull matjord og biologisk mangfald), fått hamnesjefen til å rydde opp det meste av mengder av bildekk i sjøen utanfor Stord Verft og sendt varsel til to pukkverk og Statsforvaltaren om utslepp av steinstøv til vassdrag i Fitjar.

Av andre aktivitetar har vi hatt vandring i Skulehagen med foredrag om «Tre om vinteren», «Humletur» i same område, klesbytedag, tur til Hovaneset saman med Botanisk foreining, besøk av Artsklubben i fylkeslaget med tur til Digernes, naturkartlegging med støtte frå Sparebankstiftelsen, «Naturens dag» med stand på Fitjar, og strandrydding på Nautøya. Nemast må også at vi arrangerte eit stort debattmøte om Hordfast med sentrale politikarar

på Stord folkebibliotek, i samarbeid med fylkeslaget. Vi orienterte også om konsekvensane av Hordfast på Stord under ei synfaring der ein del bergenspolitikarar var med.

Naturvernforbundet i Øygarden oppsummerer året 2025 slik i stikkordsform:

- Strandryddedag
 - Klesbyttedag
 - TedXØygarden
 - Innspill til ulike planer
 - Klage på områdeplan for Bildøyna nord
 - Bærekraftsdebatten 9. april.
 - Demonstrasjon Eide næringspark i 26. mars.
- Laget har vore leia av Sunniva Vatlé.

Naturvernforbundet i Kvinnherad:

- Naturkafé med føredrag om oteren sin tilbakekomst på Vestlandet, og forfattarbesøk av Marit Beate Kasin («Naturparadokset»).
 - Naturgledearrangement: Fuglesongtur og bygging av fuglekassar og insektshotell.
 - Leikebyttedag.
 - Støtta politikarar og kommune med oppretting av forvaltningsplan for raudlista fugleartar.
 - Uttalar imot utbygging av kraftlinjer, som 420 kW frå Sauda til Samnanger og fleire utbyggingsprosjekt i Fjellhaugen.
 - Synfaring og uttale om regulering av Kvitebergvassdraget.
 - Vore med å oppretta samarbeidsrådet for natur i Kvinnherad.
- Mari Teigen Varanes har leia laget.

Naturvernforbundet Askøy har også i 2025 hatt hovedfokus på kampen mot Eidsvika. Dei har protestert utanfor rådhuset då Formannskapet behandla saka om eit såkalla nedskalert forslag. Diverre gjekk Formannskapet for at det nye forslaget skulle bli vurdert, så vi er framleis ikkje i mål med kommunens arealplan for 2024 til 2036.

Laget ser fram til å kunne presentere ein motrapport, finanseiert med midlar frå Naturvernforbundet Hordaland samt pengar laget har samla inn gjennom Facebookgruppa Eidsvikas Venner (som nå har 1551 medlemmer). Laget har hatt eit godt samarbeid med ProCoast, eit EU-prosjekt leia av Universitetet i Bergen. I sommar har dei siste restene av rynkerose som vokste vilt i området blitt rydda vekk.

Laget har elles jobbet med uttale til reguleringplaner, røykforureining frå Mjølkevikvarden, lysforureining frå idrettsanlegg, og dei har bede kommunen medverke til forbod mot privat fyrverkeri. Dei har også drive Plastjakt, skogvegsynfaring og fokus på Askøytippen, som laget jobbar for å få tilbakeført til LNF-område.

Naturvernforbundet Askøy har også hatt fleire oppslag i dei lokale media Askøyværingen og Askøy 24. Dei har skriva 7 lesarinnlegg i 2025, nokre vart publiserte i begge mediene. Jan Nordstrøm har vore leiar for laget.

Naturvernforbundet i Hardanger:

- Tryglavik biogassanlegget i Ullensvang vart avvist av kommunestyret etter intens

lobbyarbeid frå styret. Området ligger fortsatt som kommande industriareal i forslaget til den nye kommuneplanen.

- Fjordforvaltning og oppdrett er ein stor utfordring. Me har hatt foredrag for fleire kommunestyre i året og fortsetter med Voss i 2026. Planlagt semi-ope oppdrett i Bruravik i Ulvik er neste utfordring. Per dags dato har statsforvalteren satt ein stopp for planane, men Ulvik herad har ikkje resignert enno.
- Tiltaksplanen for villreinen for Hardangervidda er under vurdering. Stort og utfordrende arbeid å samkjøyre mange sterke interessar.
- Leiar: Klaus Rasmussen.

Faggruppene

Klima- og transportgruppa jobbar vidare med viktige miljøraker, ikkje minst samferdslepolitikk. For Hordfast er det blitt utarbeida ein rapport av Vista Analyse, som vi tinga saman med Miljøvernforbundet. Rapporten punkterer langt på veg Hordfast-lobbyistane sine påståtte positive samfunnsøkonomiske ringverknadar. Rapporten blei offentleggjort rett før valet, og fekk mykje mediemerksmd. Vi har òg gitt støtte til Eidsvågs Venner med omsyn til påverknaden den nye motorvegen gjennom Eidsvåg vil få både på drikkevatnforsyninga i Jordalsvatnet og nærmiljøet i Eidsvåg. Vi har bidrege i høyringssvar mellom anna til fylkets plan for areal og mobilitet, planoppstart E39 Vågsbotn-Klauvaneset, reguleringsplan Fv. 49 Steinsdalen-Eikedalen og skredsikring av Tokagjelet, og detaljregulering Espelandsvegen i Blomsterdalen. Saman med Øygarden lokallag har vi skrive kronikk om naturøydelegginga i Sotrasambandet. Det har òg, under leiing av NV Nordhordland, vore stor aktivitet i gruppa knytt til ei mogleg tredje kraftforsyningslinje frå Samnanger til Kollsnes; gjennom folkemøte, politisk lobbyverksemd og lesarbrev. Dette har gitt resultat – NVE ber no Statnett om å utgreie ein ny trase, basert på innspel frå oss og den øvrige miljøørsla her i vest. I tillegg har gruppa hatt fleire vellukka debattmøte, mellom anna om djuphavsgruvedrift, kjernekraft, bergvarme og togtransport. William Helland-Hansen har leia gruppa.

Naturmangfaldsgruppa har også i 2025 jobba med ulovlege skogsbilveggar, areal- og plansaker og oppfylging av Naturstrategien i Bergen.

Gruppa har gitt høyringsinnspel i samband med Planoppstart E39 Vågsbotn-Klauvaneset og innspel til Bergen kommunes arealplan (KPA 2027) mars 2025.

Naturstrategien for Bergen har blitt fulgt opp med et felles møte om verdsetting av natur i Bergen: Doktorgrads stipendiat Hanif Kawousi fortalte at målet for prosjektet er å utvikla ein metode for måling og verdsetting av natur i Bergen. Samarbeidet med dette prosjektet vil halde fram i årene framover.

Naturmangfaldsgruppa har hatt ekskursjonar til Lilandsjordet og Rambjøra landskapsvernområde i 2025; Lilandsjordet har verdi som økologisk korridor mellom Fleslandmarka i nord og skogområdene sør for Flyplassvegen. Her er det myr, matjord og rødlista arter. Det som er igjen av Lilandsjordet nord, må bevaras. Både plan for nordleg del og søndre del av Lilandsjordet er klagt inn til sivilombudet.

Rambjøra landskapsvernområde har som viktigste formål om å ta vare på ein sjelden kombinasjon av særegne naturtypar, og å ta vare på sjeldne plante- og dyreartar. Planteøkolog

Anders Lundberg gaida gruppa rundt i området.
Naturmangfoldsgruppa talde ved årsskiftet 23 aktive. Gruppa vart leia av Harald Simonsen.

Administrasjonen

Administrasjonen har i 2025 bestått av fem årsverk fram til september, då Jeanette Tennebeek fekk innvilga delvis permisjon og gjekk ned til 20% stilling. I tillegg har Synnøve Kvamme hatt permisjon gjennom året.

Ein har i 2025 vidareført innsatsen for å bygge opp ein robust økonomi i NVH på sikt, slik at organisasjonen kan utviklast mot ein enda tryggare arbeidsplass. Dette arbeidet har jamt over hatt ei god utvikling, ikkje minst takk vere det solide prosjekttilskotet frå Agenda Vestland til prosjektet Naturens Stemme.

Styret

Det er avhalde 11 styremøter i 2025.

Styremedlemmene har elles vore nytta som innleiarar, ordstyrarar eller debattantar på diverse interne og eksterne arrangement gjennom året.

Verv	Namn	Andre verv/rollar
Leiar	Tom Skauge	Arbeidsutvalet, Klima og transportgruppa og Havbruksutvalet. Vara i Landsstyret.
Organisatorisk nestleiar	Ragnhild Gya	Arbeidsutvalet
Politisk nestleiar	William Helland-Hansen	Arbeidsutvalet, leiar av Klima og transportgruppa og medlem av Nasjonalt klimautval.
Økonomiansvarleg	Helene Vacarisas	Arbeidsutvalet og medlem i Landsstyret
Styremedlem	Helene Ødven	2. Nestleiar for NNV, medlem i Landsstyret og sentralstyret
Styremedlem	Gabriel Fliflet	Medlem av Klima og transportgruppa.
Styremedlem	Lene Kristin Hansen	styremedlem i NV Øygarden
Styremedlem	Stine Eikefet	Styremedlem i NV Nordhordland
Styremedlem frå NU	Volia Hasvik	Bergen Natur og Ungdom
1. varamedlem	Marianne Aanerud	
2. varamedlem	Bård S.Larsen	Medlem av Nasjonal energiutval og Klima og transportgruppa
3. varamedlem	Siri Vatsø Haugum	

Administrasjonen

Stilling	Navn	Oppgaver
Fylkessekretær	Pål Fidjestøl	Fylkessekretær i NVH frå 2023. Ansvar for administrasjon, Naturens Stemme samt bistår i prosjekt etter behov. Representerer NVH i Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland (styreleiar)
Rådgjevar Redaktør NaturVest	Mona Maria Løberg	Jobbar frå Trondheim. Nettsider, design, SoMe, inkludering, formidling og fungerer som rådgjevar i alle prosjekta. Prosjektleiar for <i>Naturglede</i> .
Prosjektleiar <i>Bevaring gjennom skjøtsel</i>	Jeanette Tennebekk	Har jobba med <i>Bevaring gjennom skjøtsel, Blomster og bier i byen, Oppdrag blomstereng og Naturglede</i> . Samt oppfølging av praksisstudentar. Fekk 1 års delvis permisjon frå september, og har sidan då hatt 20% stilling
Prosjektleiar <i>Ta vare på det du har og CircleUp</i>	Lena Teigland	Leiar og utviklar prosjektet <i>Ta vare på det du har</i> og jobbar særskilt med EU-prosjektet <i>CircleUp</i> . Medverkar òg i arbeid med SOME, Broen til framtiden, Naturlig onsdag o.a.
Prosjektleiar <i>Plastjakten og Sirkulærplast</i>	Ingvild Kristine Sundal Joys	Leiar og utviklar prosjekta <i>Plastjakten</i> og <i>Sirkulærplast</i> , samt delteke i <i>Bevaring gjennom Skjøtsel</i> , som ho overtar ansvaret for.. Jobbar også med SoMe o.a.
Sakshandsamar	Synnøve Kvamme	10% stilling jan-feb; i permisjon resten av året.

I media 2025

I høve til media var 2025 eit svært godt år, med nesten like mange medieoppslag på søk på NVH eller eit av våre lokallag som året før (161, mot 167 året før). Same søk fekk 117 treff i 2023, så auken på ca 30% haldt seg ved lag gjennom 2025. Det tyder at vi også i 2025 fekk sett mange saker om natur og miljø på dagsorden. Naturvernforbundet Hordaland er generelt vurdert som ei seriøs og truverdig kjelde, men dette er også ei vurdering organisasjonen må gjere seg fortent til kvart år.

Sosiale medier:

Naturvernforbundet Hordaland brukte i 2026 sosiale medier, podkast, nettsider, medlemsmagasin og nyheitsmail for formidling og kommunikasjon:

